

## Referat frå styremøte 31.08.21

**Til stades:** Åse-Berit Fidjeland, Anita Haugen og Helga Hadland  
**Digitalt:** Siri Fidjeland og Anette Grønning  
**Forfall:** Tone Østtveit Kvinen, Eva Marianne Tennfjord

### Sak 27/21: Basar

Me diskuterte om me skal arrangera basar i haust eller til våren, og meiner det er greitt å bruka vinterferien til loddsal og ha basaren før påske, trass at me har hatt maaange gevinstar liggjande i lang tid. Nytt styre får bestemma.

### Sak 28/21: Aktivitetar på årsplanen framover

#### a) Ystepikene og Jærgarden Kvalbein

Helga har vore i kontakt med Ystepikene, og me har ein avtale 28.09.21. Det er litt vanskelegare å få ein avtale med Jærgarden Kvalbein, men ho prøver vidare, og dei må ha minst ti (10) påmelde. Me ser på om me skal leiga inn buss og sjåfør, så ho snakkar med Sven H. Helga og Åse-Berit lagar ein invitasjon til medlemmene;

Avreise GP: 16.00

Ystepikene: 17.30

Jærgarden: 19.30

#### b) Kurs keramikk eller glas (september)

Her har ikkje Åse-Berit gjort anna enn å tenkt, men nå skjer det så mykje at me utset til etter årsmøtet

#### c) Årsmøte Sirdal BK (21. okt.)

Tone og Eva har ansvar for årsmøtet, så dette blir diskutert når dei er med.

Me har nett fått ein lysbiletepresentasjon frå RBK om Sambolabo, Rogalandsgarden i Kamerun, som me kan visa og diskutera om me vil støtta. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom 4H Rogaland, RBK, Bondelaget og Samvirkerådet i Rogaland.

Utfordra alle medlemmer til å verva!?

#### d) TV-aksjonen Plan International Norge (24. okt.)

Dette kjem me attende til om det manglar bøsseberarar i Sirdal

### Sak 29/21: Nye innbuarar

Dette er eit emne me ikkje blir heilt ferdige med, for nå er det fleire som har budd her lenge, men som ikkje har fått besøk. Mange arbeider i Tjørhomfjellet, og nå blir det nok ein del nyttilsette på Slottet etter kvart. Helga kom med forslag om å ha eit velkomen-/informasjonsmøte om Sirdal ein gong i halvåret der ein samlar alle, t.d. november og mai, kanskje på både norsk og engelsk. Dette må diskuterast, så Helga tar kontakt med Øystein og Åse-Berit med Simen Berge på Sirdal høvfjellshotell til neste styremøte. Det er uansett greitt å ha ein kontakt-person hos dei største arbeidsgjevarane for å få informasjon om nye tilsette/innbuarar.

Fram til me har bestemt oss for endeleg kurs, går me på besøk med blom og informasjonsskriv som me har gjort til nå;

Helga besøkjer June Hansen – restaurantsjef på Slottet, bur på Myraleidet

Åse-Berit besøkjer Anne Berit Askeland, Sinnesliå 133, jobbar på Sinneshytta

**Sak 30/21: Litt av kvart frå digital lokallagssamling 31.08.21**

RBK hadde digital lokallagssamling, Sesongstart, valkamp og digitalt påfyll, frå kl. 18.00 i dag, og fleire av oss i styret var med heile eller deler av samlinga. Me var utfordra om å seia noko om positiv bygdeutvikling-prosjektet, og Åse-Berit sa litt om bakgrunnen og kva som er planlagt så langt, men var usikker på om det var oppretta noko arbeidsgruppe. Elles informerte me litt om kva me har gjort i løpet av våren og sommaren, og kva som står på programmet framover, og reklamerte litt for bruk av heimeside.

Leiar Jorunn Henriksen var med og snakka om arbeidsområda til NBK:

- årsmelding 2021 – sendt leiarane i lokallaga
- [lokallagsutsending](#) – sendt leiarane i lokallaga og ligg på nett
- ny [logo](#), som de ser m.a. på heimesida vår
- valsaker, jf. førre styremøte og lesarbrevforslag. Agder – Flekkefjord tidende tok inn matjord-brevet 17. august
- Verdås matvaredag 16. oktober er opp til kvart lokallag i år
- inspirasjonsseminar på Lillehammer 5.-7. november, der Siri skulle finna ut litt meir, men fekk berre beskjed om at "foreløpig er dette denne artikkelen som beskriv programmet best: [Bli med på Bygdekvinnelagets inspirasjonsseminar! | Bygdekvinnelaget](#)"
- årsmøte i Bergen 10.-11. juni 2022
- verving

Leiar Marianne Jøssang i RBK informerte òg litt;

- lokallagssamling 19.-20. november i Haugesund der det blir 75-årsmarkering for eit sjølvstendig RBK, sidan dei var under Bondelaget frå 1929 (Bondekvinnelaget)
- vervepremie til det laget som vervar flest nye medlemmar etter ei poengdeling mellom kven som verver flest % vis og kor mange. Premien er gåvekort på kr. 2500,- frå Bondekompaniet.

**Sak 31/21: Tilbakemelding frå NBK**

2. juni fekk bygdekvinnelaget koseleg e-post frå NBK;  
*Hei!*

*Takk for de fine nettsakene dere lager, blant annet om å bli kjent med bygda. Koser meg med å lese dem (har sett klyngetun fra Agder og Rogaland på folkemuseet på Bygdøy, og derfor er det helt fantastisk å se og lese om klyngetunet dere besøkte). Det er også utrolig inspirerende å se at dere har mange aktiviteter i arrangementslista. Det inspirer også oss i administrasjonen.*

*Ønsker dere alle en riktig fin juni.*

*God hilsen fra  
Helle Cecilie Berger  
Redaktør/kommunikasjonsrådgiver  
Norges Bygdekvinnelag*

**Nytt møte:** Tysdag 5. oktober kl. 19.00 på Sinnes skule